

## BLAD

Returadresse:  
Kyrkjebakken  
Austrheimsvegen 1262  
5943 Austrheim

# Bygdetreff

Høyrest ikkje det triveleg ut ?

Me vil møtast til bygdetreff på Kyrkjelydshuset første onsdag i månadene framover frå klokka 11.00 - 13.00, og me startar i mars.

Dette er eit tiltak for alle i kommunen som har høve til å samlast til ei lita formiddagsstund.

Her vert det rom for god prat og latter over ein kopp kaffi og noko å bita i. Då me bestemte oss for å prøva Bygdetreff, var det nokon som fortalde om mange minner dei hadde frå dette huset. Dei som ikkje hadde gått på skulen her vart nysgjerrige og ville høyra meir, så på første samlinga vil dette bli eit tema, og vi har gode historieforteljing som vil hjelpa oss til å få minna på gli. Nokre gonger vil det bli eit tema vidare, andre gonger samlast vi til ein god drøs og ein kopp kaffi/te og noko å bita i.



I skrivande stund veit me sjølvstund ikkje noko om korleis korona vil styra samankomstar framover, men følg med på Facebook og heimesida for kyrkjelyden og kommunen.

Første treffet blir 09. mars og så blir det første onsdag i månaden vidare. Me satsar på å treffa mange på kyrkjelydshuset.

**Set av datoen med ein gong.**  
Diakoninemnda i kyrkjelyden.

Kyrkjebakken nr 01 – 2022 – januarnummer – 51 årgang – nytt stoff innan 10 februar



# KYRKJEBAKKEN

Informasjonsblad for Austrheim sokn



## Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret  
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)  
Bodil Monslau 414 57 215  
Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,  
eller Edvard Bjerkestrand 46922638

## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 72 90  
E-post: [post.austrheim@kyrkja.no](mailto:post.austrheim@kyrkja.no)  
[www.austrheimkyrkja.no](http://www.austrheimkyrkja.no)

### Kontortider:

Sokneprest: Treffid etter avtale  
Kyrkjeverje:

### Bustadtelefonar:

Sokneprest Rune Minde	906 95 377
Kyrkjeverje Leif Arne Økland	40 06 52 31
Organist og kyrkjelydspedagog Jostein Hauge	40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland	41 30 85 58
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn	41 66 26 10

## Redaksjonen

Utgjevar: Austrheim sokneråd  
Redaktør: Jostein Hauge,  
Redaksjon: Jorunn Kårdal,  
Britt Rebnord,  
Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim  
Trykk og Design Trykk-Service as

# Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

Følg med på heimeside,  
facebook og plakat for  
eventuelle endringar.

Det skjer:

Søndag 30.januar kl. 11.00  
Gudsteneste ved Rune Minde

Fredag 11.februar kl. 18.00  
Gudsteneste for alle

Søndag 13.februar kl. 11.00  
Gudsteneste ved Rune Minde

Laurdag 19.februar  
Lys våken

Søndag 20.februar – Familiegudsteneste  
kl. 10.00 (merk tidspunkt)  
ved Amelie Knieriem og Jostein Hauge



# Jesus på heimebane

Det er ei herleg forteljing i Markus evangeliet om nokre som ber ein kamerat til Jesus. Forteljinga er jordnær, bokstavleg tala, der fire løysingsorienterte menn med tillit til Jesus tar ein litt uortodoks metode i bruk: Dei klatrar opp på taket over der Jesus var og løyste takstein og andre hindringar, og firte kameraten ned framfor Jesus så støvska sto rundt dei. Der Jesus var, der var og redningen: «Jesus er heime i dag, lat oss ta vår lamme ven med til han.» Du finn denne forteljinga i det andre kapitlet i Markus evangeliet, ein av tekstane på den siste søndagen no i januar.

Men Jesus reagerer på ein merkeleg måte overfor denne lamme mannen. Mange venta vel på at Jesus skulle reagera negativt på oppførselen til desse mennene, og kanskje var det og nokre som tenkte at Jesus kom til å helbreda den lamme slik han hadde gjort med andre. Men Jesus sine ord: «Syndene dine er tilgjevne», det trur eg må ha kome som ei kolossal overrasking på alle. Men nett dette er det aller største ved Jesus Kristus, at han kan lækja det aller mest grunnleggande i eit menneske sitt liv, tilhøvet til den heilage og evige Gud. «Det kan ikkje skje eit

menneske noko større enn det å få tilgjeving for syndene av Jesus», seier ein kjend teolog i ein kommentar til denne teksten. Dei sjuke som Jesus helbreda er alle døde, men ordet om tilgjeving står fast til evig tid. Denne mannen hadde ikkje trygla Jesus om tigjeving for synder, men Jesus såg likevel at dette var det mannen trengte til mest av alt. Luther kallar det kristne livet for ei dagleg omvendning. Me treng ikkje å gå rundt kvar dag med ei lang liste av synder som me bekjenner, det dreier seg om ei haldning og ei retning, det å vera open og audmjuk for Gud.

Men kanskje er det nokon som treng å høyra akkurat dei orda denne mannen fekk høyra: «Syndene dine er tilgjevne». Du kan gå til presten eller ein annan kristen du har tillit til og be om forbøn. Det er råd for alle å koma heilt nær til Jesu hjarta, akkurat som den lamme mannen. Og du får leggja av børa di, dersom du ber på noko tungt. Kanskje du kan oppleve like stor lette som denne mannen som fekk kreftene att i kroppen. Dette var, og er, Jesu hovedmål: å setja menneske fri, verkeleg fri!

Rune Minde

# Min salme

Ole G. Skoge



Når Britt Rebnord utfordra meg til å skrive om «Min salme», tenkte eg eigentleg på ein annan enn den eg kjem til under. Det er ein del songar som treff meg litt rett i mellomgolvet, og som alltid får fram ei tåre iaugekroken. Blant anna «Deilig er jorden» som eg tenker på som ein heilårs julesalme. Grunnen er kanskje at den er mykje brukt i gravferd, og utan å vere heilt sikkert trur eg nok at den vart sunge i den første gravferda eg var i.

Ein annan slik salme er for meg «O'bli hos meg». Den anglikanske presten Henry Francis Lyte skreiv teksten på dødsleiet i 1847. Det er noko i heile teksten som tar inn heile livet, både hjelpeløyse og mørke, hjelp, håp og lys. Og til trua på Jesus som er lys, og driv mørket bort.

Sommaren 2018 var store delar av storfamilien så heldige å kunna reise på biltur til Italia. Turen gjekk blant anna til inngifte slektningar i Pescara på austkysten av Italia, og vidare til Roma. På vegen over mellom aust og vest, fekk dei litt i overkant historieinteresserte av oss med resten av flokken innom klosteret Monte Cassino. Ufattelege 55000 allierte soldatar, og omlag 20000 tyske soldatar fall i harde kampar i 1944. På ein av gravplassane fann eg gravsteinen på biletet. Bibelverset som familien valde på støtta er frå Salomos høgsong 2, 17: «Heilt til dagen blæs skuggane bort», eller med salmediktaren sine ord: «driv mørket bort og vær meg livets lys!». Så kan det vera godt å ta med seg i ei rar og omskifteleg tid, med pandemi og restriksjonar. Vi har ein å gå til – om vi vil.

## O'bli hos meg

**O bli hos meg! Nå er det aftentid,  
og mørket stiger – dvel, o Herre blid!  
Når annen hjelp blir støv og duger ei,  
du, hjelpeløses hjelper, bli hos meg!**

**Snart sviner livets dag, det kvelder fort,  
og jordens lys alt mørkner og går bort,  
forandrings skygge følger tro min vei -  
o du som ei forandres, bli hos meg!**

**Hver time trenger jeg din sterke vakt,  
kun for din nåde viker mørkets makt;  
hvor skal jeg vandre trygt foruten deg?  
I mulm og solskinn, Herre, bli hos meg!**

**Når du velsigner, ei av frykt jeg vet,  
sår gjør ei ondt, gråt har ei bitterhet.  
Hvor er vel dødens brodd? Jeg frykter ei.  
Du som har seiret, Herre, bli hos meg!**

**O la meg se ditt kors i dødens gys,  
driv mørket bort og vær meg livets lys!  
Da skinner morgenrøden på min vei.  
I liv og død, o Herre, bli hos meg!**

## BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER



Tysdag 10-15

Onsdag 14-19

Fredag 10-15

**FONNES FILIAL OPNAR  
FOR PUBLIKUM  
FRÅ OG MED  
TORSDAG 26. AUGUST.**

Filialen vil vera open for  
publikum torsdagar  
**14 - 16.30.**

Fonnes filial sine opningstider  
følgjer elles skuleruta, og vil  
vera stengt i skulen sine feriar.

*Følg med på Facebook eller  
plakat for eventuelle  
endringar grunna smittevern*

God bok



## LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege **113** heile døgeret.  
**Legevakt 116117**

### Austrheim legekantor

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:  
**Kl.08.30 - 15.00.**

Telefontid: **08.30 - 12.00 og  
13.00 - 15.00.**

Torsdag er telefontida frå kl. 09.30

### INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

### Års helsestasjonen

Åpningstider for publikum:  
**kl 08.30- 15.00**

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

### TELEFONNUMMER I PLEIE OG OMSORG.

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen/kjøkken:  
56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23

# Kråkeplaga på gravplassen:



Så langt denne vinteren har kråkene vore til stor plage på gravplassen på Austrheim (ikkje i samme grad i Leirvågen). Dei er spesielt glade i lause og mindre gjenstandar og dreg dei gjerne med seg vekk frå gravene eller mister dei i lufta. Kyrkjegardsarbeidar må såleis med jamne mellomrom ta seg ein runde og rydda vekk lause gjenstandar. Kråkene er spesielt glade i desse lause lyktene (sjå bilete) som er vanlege å setja på gravene no i den mørkaste tida. For å unngå at kråkene får tak i slike lause lykter, vil vi oppfordra til at dei kan stå inne i ein lukka lampe, som gjerne er festa i jorda, eller at de som steller graver vel andre former for lyskjelder som kan festast i jorda.

Leif Arne Økland  
Kyrkjeverje



## ÅRÅS BEDEHUS

Søndagsmøte	06. feb	kl 11:00	
Søndagsmøte	20. feb	kl 11:00	
Søndagsmøte	06. mars	kl 11:00,	Christian Skoge talar.
Søndagsmøte	20. mars	kl 11:00,	Odd Sverre Hove talar.
Søndagsmøte	03. april	kl 11:00,	Ole Corneliusen talar.
Søndagsmøte	18. april	kl 11:00,	Asle Hetlebakke talar

Bedehusdagen som skulle gått av stabelen i november, vart først beslutta utsatt til januar.

No ser ikkje bedehusstyret at det er mogleg å gjennomføre arrangementet likevel, av omsyn til smittevern. Det vert trekning av loddbøkene 29. januar, og vinnarar annonsert på facebook. Loddsal fram til trekningdato på VIPPS 518275 merk "Lodd + namn og tlf" Meir info og liste over gevinstar på heimesida.

Velkommen til samlingane! [www.austrheimindremisjon.no](http://www.austrheimindremisjon.no)  
Austrheim Indremisjon på Facebook.



## Gudsteneste for alle

Me samlast her i Jesu navn. Slik startar me kvar Gudsteneste for alle. Me syng denne flotte salmen for å minne oss om kvifor me samlast. Her er både eit åndeleg og sosialt fellesskap.

Denne fredags kvelden fekk me tenne adventslys, syngje julesongar og høyre frå juleevangeliet. Etterpå gjorde me det som Jesus ofte gjorde med dei han møtte. Me delte eit måltid saman.



## Austrheim sokn

### Døypte

21.november:  
Noah Alexander Helland  
Olav Arnesen Kvinge  
Ella Zakariassen Landa

### Gravlagde

Arvid Oddmar Gullaksen f.1937  
Svein Magne Ellingsen f.1949  
Evy Karin Håland f.1958



### Mange takk

til diakoninemnda i anledning  
min 85-årsdag, og takk til  
Asbjørg som kom med den!

Helsing Jan Foss

### Hjarteleg takk

for blomehelsingar, sjokolade  
frå diakoninemnda, telefonar og  
meldingar eg fekk på 100 års  
dagen min. Ei stor takk til dei som  
besøkte meg og gjorde dagen  
minnerik for meg.

Helsing Nora

### Svært takksam

Austrheim sokneråd er svært  
takksame til Kyrkjeprydnad for  
gåva på 10.000 kroner,  
som vi fekk i november.

Du kan stole på at vi i Bosch Car Service  
kan ta hånd om din bil.

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilproduzentens  
spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når  
du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.



Tlf: 56 16 75 50

Mastrevik



BoschCarService.no

For everything your car needs.



# Lysmesse

Tradisjon tru hadde me lysmesse med dei flotte konfirmantane våre denne jula òg. Lysmessa var gjennomført første søndag i advent. Det var heldigvis før dei nye restriksjonane kom. Her leda konfirmantane oss

gjennom profetiane som barnet som skulle komme. Me fekk sunge mange gode advent og julesongar, og kjenne på julestemninga. Med ei jul der mykje vart avlyst, sit ein ekstra stor pris på det som me fekk vere med på.

## ÅRSMØTE

Austrheim Arbeiderparti  
har årsmøte på  
Austrheim Samfunnshus  
Torsdag 3. Februar 2022 kl. 19.00.

Saker  
Markering av 50 års jubileet  
til partiet i 2021

Vanlege årsmøtesaker

Stortingsrepresentant Torbjørn  
Vereide er gjest på årsmøtet

Velkommen



Vi leverer mat til alle anledninger, der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

**Knüter**  
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | [www.knutercatering.no](http://www.knutercatering.no)



**KILSTRAUMEN**  
BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,  
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDTBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975  
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: [WWW.KILSTRAUMEN.COM](http://WWW.KILSTRAUMEN.COM)





Illustrasjonsfoto fra Misjonssambandet.

# Dåp i Mali i romjula

I romjula kom det gode nyhende frå Mali. Mamoudou, ein av dei kristne leiarane i ein fulanitalande kyrkjelyd midt i det verste konfliktområdet i landet, kunne fortelja at dei døypte tre personar andre juledag. Det var ei kvinne og to menn. Ein av dei to mennene som vart døypte er ein eldre mann som tidlegare var imam.

Parallelt med at konflikten mellom militante islamistar og styresmakter synest å breia om seg, er mange menneske opne for å leita etter ein annan veg til Gud.

Misjonen i Mali er til stades i denne situasjonen for å støtta dei lokale kristne, for å undervisa dei som ønskjer det om budskapen om Guds nåde i Jesus Kristus, og for å hjelpa interne flyktingar og andre som har vanskelege levekår.

For augneblinken er det berre afrikanske misjonærar til stades i arbeidet Misjonsselskapet støttar i Mali. I januar reiser eg til eit av Mali sine naboland, for å jobbe derifrå

Frode Brügger Sætre

## DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!  
Når kvalitet og service teller



## MINI FRISØRSALONG

ønsker velkommen  
til gamle og nye kunder.  
Vi treffes på Åråshøgda 10.

Timebestilling:  
Mandag, Tirsdag, Torsdag og Fredag.  
Onsdag er stengt  
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16

Alla Kurinna og Rieko

Oppussing av  
gravmonumenter

Utfører vasking,  
rensing  
og oppattmaling  
Gunnar Nilsen 414 39 887



**Panasonic**  
**Varmepumper**

5937 BØVÅGEN  
Mob. 481 31 534  
byggboe@online.no


**Vatne**  
Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

**Ring døgnvakt:**  
56 35 09 10  
www.vatne-byra.no  
Kvassnesvegen 11  
5914 Isdalsbø

## Gravminner

Norsk design og produksjon.  
Se utvalg på: [www.oienstein.no](http://www.oienstein.no)  
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87



# TAKK TIL ÅRÅS SANITETSFORENING

Det er nokon som seier at; Om noko er vellukka og gjentatt ein gong til, så er det ein tradisjon. Austrheim kystbarnehage, tidlegare Årås barnehage og Årås sanitetsforening betyr tradisjon langt meir.

Det starta med at Saniteten og dei såkalla «fruktdamene» tok initiativ og kom i barnehagen ein gong i året og serverte frukt til små og store. Det var stor stas kvar gong dei kom inn døra, og dei hadde med seg store mengder frukt. Med saniteten er det alltid nok mat.

Men så kom me på ideen om å heller bytte ut fruktbesøk med nissefest og nissegraut.

Så no kjem Saniteten på besøk kvar desember og då står det graut på menyen. Dei første åra var damene som kom litt oppgitt over grautpannene våre, og kva gjer

ei sanitetskvinne då? Ho tek grautskeia i eiga hand og ordnar opp. Så neste år vart det kjøpt inn nye grautpanner med solid botn, og saniteten betalte. Og me, me takka og bukka.

Me gler oss alt til neste år og håpar dei kjem igjen. Alltid god stemning når sanitetsdamene med raude nisseluer kjem. Dei tek seg god tid til prate med liten og stor, samstundes som dei rører møysommeleg i grautpannene. Desse damene har ikkje berre tankar for andre, dei handlar og utfører gode gjerningar også, det er eit viktig bodskap som me tek med oss i barnehagen.



Årås sanitetsforening har feira 125 års jubileum i 2021, vel å merka. Dei har vore aktive i 126 år. Og slik me har forstått, har ingen vore med alle desse åra. No er det slik at dei som har jubileum får gåver, men slik er det ikkje med Saniteten, då deler dei ut gåver. I anledning jubileet sitt fekk barnehagen 2.500,- kroner som dei kan nytta til noko kjekt for ungane.

Tusen takk til alle dykk i Årås sanitetsforening og alle dei flotte damene som er med der.

Håpar dei raude nissane kjem på besøk neste år også.

Mvh Britt Ystebø  
Styrar  
Austrheim kystbarnehage



## LODDSA LG FOR SAMFUNNSHUSET

Basarnemnden utvidet med varaordfører Inger Lise Brekke har nå trukket de heldige vinnere. Trekningsliste er sendt de ulike eierlagene. I tillegg til de vanlige bøkene var det i år en bok med 2 dukker i sovepose + klær og et krumkakejern.

De heldige der var Kjersti Sætre og Emma Hjertås, dukkene og Åse Kahrs, krumkakejernet. I alt ble det solgt lodd for kr. 55.500

Vi takker alle som har støttet med gevinster, og som har kjøpt lodd.

Basarnemnden  
v/ Asbjørg, Jorunn og Gro



**Kan du hjelpe eit barn eller ein ungdom som har det vanskeleg? No er det behov for fleire fosterheimar i ditt nærrområde.**

Den norske kyrkja samarbeidar med Fosterheimstenesta i Bergen om å finne fosterheimar i kyrkjelydane.

Meir informasjon om fosterheim på

[fosterheim.no](https://fosterheim.no)

Illustrasjonsfoto





